

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

I samband med RS 2/17 – «Statusrapport samanslåing Etne/Ølen» la **Siri Klokkerstuen, (A)** på vegner av forslagstillaren, Benthe Bondhus (Sp) og Mari Klokkerstuen Kjellesvik (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkesting er uroa over arbeid for dei tilsette ved Etne vidaregåande skule når skulen vert slått saman med Ølen vidaregåande skule. Det er ingen vidaregåande skular i Hordaland i naturleg pendlaravstand.

Fylkestinget oppmodar om å inngå best mogeleg avtalar med Rogaland fylkeskommune på vegner av våre elevar og tilsette.

Fylkestinget vil oppmoda om at ein i det vidare arbeidet legg stor vekt på at dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd.»

### **Røysting**

Klokkarstuen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaane utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Referatsaker 1-4/17 vart refererte.